



Martabu-drøs held fram!

Martabu som no fungerer som julebu har hatt ein ny suksess-dag med Gunn Mari Moberg som vertinne. I tillegg til produkt levert inn før hadde det idag funne stad eit betydeleg supplement som frista mange. Det var ikkje minst matvarer, som spekemat frå dalen, brød og eplekake frå Skorpo, julekjeks frå Feet og Skjåkflatbrød frå Haugland. Nyheiter ellers var diverse. snikkararbeid frå Ljosnes og strikka produkt frå Holmen. Gunn Mari selde for 10 100 kroner i dag, over 2 000 meir enn sist

Generelt gjekk også denne gongen 80 prosent til produsenten og 20 prosent til eit hjrtestartar, men med julekjeks var det omvendt. Der gjekk 80 prosent til skulemusikken.

Produkta som var til sals også denne laurdagen var nesten utan unnatak laga i bygda. Unnataket var dukar laga på Husnes. Eit produkt var tydelegvis ikkje til sals. Vi siktar til bjørkeriset, utan at det kan opplysast noko meir om føremålet.

Martabu har også vorte ein populær sosial møteplass med servering av kaffi, brus og kaker og mykje koseleg drøs i den tradisjonsrike kjellaren. Drøsen kretsar ikkje minst om den gongen då Marto dreiv butikken og held den ope nærmast døgnet rundt. Det skjedde ikkje minst av omsyn til båtane som skulle innom Uskedalen.



Også på Holmen er det produksjon av plagg!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Bakarvarer var i fokus i dag